

FØRESEGN OM AVGIFTER OG VEDERLAG I AURLAND HAMNEDISTRIKT

INNHALDSLISTE

I Generelle vedtekter

- 1.0 Formål
- 1.1 Avgiftsområde
- 1.2 Utrekningsgrunnlag for skipsavgifter
- 1.3 Avgiftssatsar og vederlag
- 1.4 Innkrevjing av hamneavgifter
- 1.5 Fast avtale om leige av kaianlegg og hamneinstallasjonar
- 1.6 Ettergjeving og nedsetjing av avgifter og vederlag
- 1.7 Varigheit
- 1.8 Straffeansvar

II Skipsavgifter

- 2.1 - 2.6 Anløpsavgifter
- 3.1 - 3.7 Kaiavgifter

III Passasjeravgift

- 4.1 passasjeravgift

IV Avgift av varer

- 5.1 - 5.5 Vareavgifter
- 6.1 Trafikkavgift

V Vederlag og godtgjersler

- 7.1 Vederlag for overliggende varer
- 7.2 Fortøyning og losskasting av fartøy
- 7.3 Renovasjon og vatn
- 7.4 Straumpris
- 7.5 Andre vedtekter
- 7.6 Vakthald

Føresegn om hamneavgifter og vederlag i medhold av Lov om havner og farvann av 08.06.84 nr. 51 er vedteke av:

Aurland hamnestyre den 15.11.2007

Aurland kommunestyre den 15.12.2007

1. GENERELLE VEDTEKTER

1.0 Formål

Etter «Lov om havner og farvann», §§ 21-23, skal hamneavgifter saman med alle andre inntekter av hamneverksemda, dekkja kostnader ved administrasjon, planlegging, utbygging og drift av kommunen sine anlegg og hamnemessige innretningar. Kvar driftseinheit/ hamn skal i prinsippet bære eigne kostnader.

1.1 Avgiftsområde

Avgiftsføresegnene gjelder for heile hamnedistriktet. Alle kategoriar av fartøy som skal til hamn innan distriktet betalar anløpsavgift, medan alle andre avgifter og vederlag for fartøytrafikk, passasjer- og varetransport/lagring, er knytt til kaier og terminalanlegg som hamnevesenet i kommunen disponerar.

Hamnevesenet kan inngå avtalar med private kaieigarar om bruk av anlegg, hamneoppsyn, innkrevjing av avgifter og godtgjersler.

1.2 Utrekningsgrunnlag for skipsavgifter

Avgifter av fartøy som skal betalast for, vert utrekna på grunnlag av fartøyet sin bruttotonnasje, fastsett i samsvar med målekonvensjonen av 1969. Om fartøyet ikkje er mælt, vert tonnasje fastsett av hamneadministrasjonen, j.fr. Fiskeridepartementet sine retningsliner avgjersler.

For fritidsbåtar utreknast avgiftene etter største lengde i meter.

1.3 Avgiftssatsar og vederlag

Avgiftssatsar og takstar for hamnetenester vert fastsett av kommunestyret.

I avgiftsføresegnene inngår rådeavgjersler for kostnadmessige rabattordningar.

1.4 Innkrevjing av hamneavgifter

Ved bruk av offentleg disponerte kaier, areal og innretningar, kan hamnestyret påleggja operatøren å krevja inn avgifter og godtgjersler på hamnevesenet sine vegne mot avtalt provisjon.

Faste brukarar av hamneanlegg skal levere månadleg oppgåve over eigen trafikk på vedkomande anlegg.

Trafikkavgift vert kravd inn av Tollvesenet, som avlegg rekneskap for hamnevesenet.

1.5 Fast avtale om leige av kaianlegg og hamneinnretningar

Hamnestyret kan i staden for hamneavgifter etter § 23 i lova, inngå leigeavtale for heile eller deler av eit kaianlegg eller areal med tilhøyrande innretningar. Leiga skal dekkja kostnader som står i forhold til drifta av leigeobjektet.

1.6 Ettergiving og nedsetjing av avgifter og vederlag

Hamnestyret kan når særlege omstende føreligg, nedsette eller ettergi påløpne avgifter og vederlag. I dette inngår ikkje kostnadmessige rabattordningar som nemnt under pkt. 3.3.

1.7 Varigheit

Avgiftsføresegnene og endringar av desse, trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret avgjer. Mindre justeringar av enkeltsetsatsar m.v. kan vedtakast av hamnestyret og brukast når formannskapet er underretta om endringa.

1.8 Straffansvar

I medhald av Lov om hamner og farvatn, § 28; straffast med bøter den som forsettleg eller uaktsamt undrar seg betaling av gjeldande hamneavgifter.

II SKIPSAVGIFTER

2. Anløpsavgifter

2.1 Anløpsavgift (HFL § 23 a)

Anløpsavgift for fartøy skal vera betaling for bruken av sjøarealet med farvatn- og hamneinnretningar som kan lette fartøyet ferdsel.

2.2 Fartøy som anløper eller har tilhald innanfor hamnedistriktet

betalar avgifter til hamnevesenet etter følgjande satsar:

Av de første 5000 brt	kr. 0,42 pr. tonn
Av overskytande tonnasje	" 0,21 " "

2.3 Avgiftene betalast

en gang for kvart opphald i hamn innan hamnedistriktet. Når opphaldet samanhengande strekker seg over 7 dagar betalast ny avgift.

2.4 Turist- og passasjerfartøy

i kommersiell trafikk og lasteskip i utanriks trafikk, betalar til hamnevesenet etter fylgjande satsar:

Av de første 5000 brt	kr. 0,43 pr. tonn
Av dei neste 5000 brt.	kr. 0,39 " "
Av overskytande tonnasje	" 0,34 " "

2.5 Spesielle anløpsavgifter

2.5.1 Fartøy over 50 brt. som ligg i hamn uavbrote i over 30 døgn og som vert brukt til logi/ bustad, lagring av varer e.l. årsavgift kr.500,-.

2.5.2 Fiskefartøy og fritidsbåtar *under* 15 meter betalar ikkje avgift.

2.5.3 Fiskefartøy og fritidsbåtar *over* 15 meter betalar årsavgift kr. 400,-

Fartøy i fraktfart innan hamnedistriktet og omliggjande farvatn, slepe- og dykkar- båtar, betalar kr. 400, og kr. 800,- pr. år, h.h.v. under/ over 50 brt.

2.6 Fritekne for betaling av anløpsavgifter

er fartøy som går til hamn kun for ordre, bunkring, proviantering, for å setja i land los, mannskap, sjuke eller døde eller som går til p.g.a. uver, skade, naudstilstand eller kontroll. Det same gjeld redningsfartøy, krigsfartøy, utanlandske som norske og fartøy som tilhøyrrer den norske eller framande stat, når dei ikkje driv forretningsmessig verksemd.

III Kaiavgift

3.1 Fartøy som brukar offentleg kai eller kaitillegg hamnevesenet disponerer, betalar kaiavgift etter satsar som oppgjevne nedanfor:

Avgifta betalast ein gong pr. døgn eller del av døgn. Ankomstdagen reknast alltid som helt døgn.

Av dei første 500 brt.	kr. 0,63 pr. døgn
Av dei neste 500 "	" 0,53 " "
Av dei neste 4000 "	" 0,47 " "
Av dei neste 45000 "	" 0,42 " "
Av overskytande tonnasje	" 0,37 " "

- 3.2** Lokalruter, ferjer, godsbåtar i fast rute og fartøy som har kai plass utan passasjertrafikk, lossing eller lasting, gis 50 % reduksjon. Frå 1. oktober til 1.mai gis 75% reduksjon.
- 3.3** For andre skip i kysttrute fart med faste tilkomst- og avgangstider, kan hamnestyret etter søknad fastsette kostnadmessige rabattordningar. Det kan og gjelde spesielle transportar.
- 3.4** *Minsteavgifta* uansett kategori av fartøy; kr. 50,- pr. døgn eller del av døgn. Båtar frå distriktet som går til kai for innkjøp o.l. er fritekne for avgift. Ligg desse båtane natta over betalast avgift.
- 3.5** *Liggjetida* reknast frå fartøyet si tilkomst til avgang. Del av nytt døgn inntil 6 timar reknast som helt døgn. For fartøy som må forhale frå kai og leggje til igjen innan 3 timar, reknast samanhengjande liggjetid. Ved lengre tids fråvær frå kai skal det gjerast frådrag ved utrekningane av liggjetida.
- 3.6** Fartøy som ligg utanpå et anna ved kai, betalar kaiavgift som om det låg ved kai.
- 3.7** Fiskefartøy, skyssbåtar og fritidsbåtar inntil 15 meters lengde som for kortare eller lengre periodar nyttar fast plass ved hamnevesenet sin kaier eller fortøyningsanlegg, betalar månadsavgift kr. 200,- for hel eller påbegynt månad. Sesongavgift inntil 4 mnd. kr. 500,-

IV PASSASJERAVGIFT

- 4.1** For passasjerar (påstigande, avstigande, transitt- og rundreisande) som nyttar seg av hamnevesenet sine fasilitetar, skal det betalast passasjeravgift:

for vaksen person	kr. 8,00
for barn	kr. 4,00

For barn vert det rekna passasjerar som rederiet sjølv har klassifisert og teke betaling for som barn. Passasjeravgifta vert kravd inn på skipet av rederiet.

V AVGIFT AV VARER

5.1 Vareavgift

For varer som losast eller lastast over kaiar og terminalområde som hamnevesenet disponerer, skal vareeigar betale vareavgift. Avgiftene vert kravd inn etter føresegnene sine satsar for varer som transporterast over hamna med skip eller lastevogn. Same vareparti kan i same hamn berre belastast ei gong med avgift.

5.1.1 Vareavgifta sin grunnsats er kr. 20,- pr. tonn

For gods med berre oppgjeve kubikkmål reknast
 $1\text{m}^3 = 1/2$ tonn og $100\text{dm}^3 = 50$ kg.

5.1.2 Bulk og partilaster (sand ,singel, sement, asfalt, grus, byggjevarer, fiskevarer, o.a.)

kr. 5 pr. tonn, $1\text{m}^3 = 1,5$ tonn.

Minsteavgift for utgåande varer er kr. 10,-.

5.2 Friteken for vareavgift er passasjerbagasje, postforsendingar, proviant, bunkers, og andre skipsforsyningar til fartøyet sin eigen trong.

5.3 Rabattar

For litt større bulklaster, minst 3000 tonn, kan hamneadministrasjonen i kvart enkelt tilfelle avtale rabatt på vareavgift. Rabatt kan også gis lokale vareeigar som over året sender/ mottar bulk og partilaster på minst 3000 tonn.

5.4 Avgjersler for innkrevjing av vareavgifta

5.4.1 Avgifta betalast av vareeigar

5.4.2 Når ekspeditør eller meklar krev inn avgifta får dei 10 % provisjon, hamneadministrasjonen eller revisor har høve til kontroll av oppkrevjinga.

5.4.3 Førar av fartøy som ikkje har agent på staden plikter å gi hamnekontoret oppgåve over vareparti og avsendar/ mottakar.

5.4.4 Mottakar og avsendar av gods, ekspeditør, fartøyreiarar og andre som direkte og indirekte formidlar trafikk frå, til eller innan hamnedistriktet, er forplikta til å gi hamnemyndigheitene oppgåve over godset sin art, mengde, transport, avsending- eller tilsendingstad, passasjertal m.v.

5.5 Ordensregler på kaiar, varelager og terminalområde er fastsett i Forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn for Aurland hamnedistrikt anlegg, Kap.III.

VI Trafikkavgift

6.1 Trafikkavgift og vareavgift av varer som importerast frå utlandet (Hfl. §23,c og d) Varer som vert innført over hamna frå utlandet, eller varer som vert sendt over hamna på tollpass skal ileggjast trafikkavgift og eventuelt vareavgift. Vareavgifta vert kravd opp av Tollvesenet etter hamna si avgiftsføresegn.

Avgifta er angitt i kroner pr. tonn når ikkje anna er oppgitt. Minsteavgifta pr. sending for begge avgiftene er samla kr. 25,-

Tolltariffens vareslag kapittel	Trafikkavgift	Vareavgift	Samla avgift
------------------------------------	---------------	------------	--------------

01	Alle varer som ikkje er spesielt tariffert i h.h. til tolltariffen sitt kap.	10	25,-	35,-
25		4,-	25	29,-
27		9,	25,-	34,-
28		20,-	25,-	45,-
29		15,-	25,-	40,-
33		30,-	25,-	55,
86-89		70,-	25,-	95,-
90-93		40,-	25,-	65,-

VII VEDERLAG / GODTGJERSLER

7.1 Vederlag for overliggjande varer

Varer eller gods må plasserast på stadar hamneoppsynet viser til .

Varer som lossast på terminalområde hamnevesenet disponerer, kan liggja vederlagsfritt i 48 timar etter lossing. Varer som ikkje avhentast kan hamnevesenet omplassera for mottakar si rekning og risiko. Tillatast varene lagra utover 48 timar, betalast kr. 2,50 pr. oppteke m²/døgn.

Ved bruk av opne plassar utanom terminalområde kan hamneadministrasjonen inngå avtale om arealleige i det enkelte tilfelle. Lagring på uteareal, kaier eller skur, skjer på vareeigaren sin risiko.

Varer som vert liggjande utan samtykke, kan hamnevesenet fjerna eller lagra for mottakar eller avsendar si rekning. Vert slike varer ikkje henta innan 3 mnd. kan hamnevesenet selje varene ved offentlig auksjon etter vanleg kunngjøring.

Varer som ikkje gir sikkerheit for påløpne omkostningar eller som er lett utsett for, eller kan forsake skade, har hamnevesenet rett til å selje før utløpet av 3 mnd., eller også fjerna om det vert naudsynt.

7.2 Fortøyning og losskasting av fartøy

Fartøy som går til hamn må sjølv sørge for forsvarleg fortøyning. I samband med framkomstmelding / bestilling av kaiplass eller ankerplass, skal nødvendig hjelp til fortøyning rekvirerast frå hamnekontoret, mot betaling etter slike satsar:

Av dei første	5000	brt	Kr. 0,40 pr. brt
For de neste	5000	brt	Kr. 0,30 pr. brt
For bruttotonnasje over	10000	brt	Kr. 0,20 pr. brt

For rutegående fartøy med faste anløpstider kan ein inngå særskilt avtale om hjelp til fortøyning.

7.3 Renovasjon og vatn

Med unntak av fartøy som betalar anløpsavgift pr. mnd./ år og rutegående fartøy som kan dokumentera eigen godkjend renovasjonsordning, skal alle fartøy som legg til kai betala minst kr. 100 eller godtgjersle for renovasjon etter faktiske kostnader + 40%. For fylling av vatn betalast kr. 14,00 pr. tonn.

7.4 Straumpris

Fartøy som får straum frå land betalar kr. 1,- pr. kWh.

7.5 Andre avgjersler

For hamneavgifter og godtgjersle etter denne føresegn, er reiaren ansvarleg for betalingane. Eit fartøy kan holdast tilbake inntil skuldige hamnerekningar er betalte eller sikkerheit er stilt.

Sjøfartsloven sin § 247 andre ledd vert gjeve tilsvarende bruk. Tollklarering skal ekstast når hamnerekningar ikkje er betalte.

For hamneavgifter og godtgjering ved vareforsending er mottakaren ansvarleg ved inngåande og avskiparen ved utgåande forsending, j.fr. Sjøfatslovens § 251

Skuldig hamneavgift både av fartøy og varer kan inndrivast ved direkte utpanting.

Ved forseinka betaling av hamneavgift eller godtgjersle vert det belasta morarente etter Lov om renter ved forseinka betaling m.v.

7.6 Vaktald

For sikring og vaktald som fylgjer av ISPS skal fartøyet betala etter faktiske kostnader, ein pris pr. skip som dekkar kystverket sitt gebyr, ein timepris som dekkar investeringskostnader og ein som dekkar godtgjersle til vaktmannskap.